



**KONKURRANSE:** Konkurransen i ljåslått samla mange tilskodarar. Børje Møster og Henning Kopperdal svingar stutturorven på det tilmålte stykket. Radøymeisterskapet vart gjennomført etter nasjonal standard. Det var dårleg reklame om ikkje slåttan var skikkeleg gjort i gamle dagar.

# Gamle kunstar fram i lyset

**RADØY:** Kva kan vi læra av historia og korleis forvaltar vi våre liv i dag?

## EGIL OLSVOLD

Det var i fokus då Radøy serverte kultur og mat under opninga av Kystsogevøkene. Med Utvandringssenteret på Sletta og på det verneverdige gardstunet Åsen på Øvre Tveiten.

Her fekk dei framfotte eit innsyn i kampen for tilveret, solid handverk, steinmurar og nøysemd. Ordførar Jon Askeland stod for den høgtidlege opninga på utvandringssenteret. På familiedagen fekk folk ein smak av steinalderkultur, med bogeskyting og andre aktivitetar.

Ein fekk også prøva seg på perlebroderi, og smaksprøver av amerikansk mat, hotdog, burgar og grilla mais.

Det musikalske innslaget stod Mari Karoline Mellingen for. Ho opna, høveleg nok, med songen "America" av Paul Simon.

## Mange aktivitetar

Morten Kutschera kan mykje om steinalderen og reiskapane dei nytta på den tid. Engasjerte barn fekk laga sine eigne pilspissar og knivar.

– Eg nyttar for det meste flintstein, men obsidian er mykje kvassare og hardare, berre vanskelegare å få til. Det er vulkansk glas, svart på farge.

Dei minste borna står spente i kø for å prøva seg.

Bogeskyting er det óg høve til å prøve, og Jostein Skråmesta har fått oppgåva med instruksjon og doming.

Maten for dagen står Silje Namtvedt for. Det går unna med grilla mais og hamburgar.

## Mit og trenaglar

Arrangemente held fram på Øvre Tveiten, ein godt vedlikehalden gard med vakre steinmurar i husa. Ein veteranbuss skyssar folk til og frå.

I løa orienterer Jan Floen om den særskilde grindabygg-teknikken som er nytta her, og han fortel om bete, hjelke, sperr, stavlegg og sløyse.

– Det gjekk med mindre material når ein nytta denne teknikken, seier han.

På denne måten vart byggingane sterke, og det vart ikkje nytta spikar i grinda, berre trenaglar. Miten vart etter kvart eit problem, ettersom han elsker tørrhøy. På stolane var miten derimot ikkje til stades, han forsvinn når ein kjem opp i høgda.

Ute på tunet står tre karar og vurderer ein langorv.

– Enno kan ein få kjøpt slike langorvblad, med godt stål, seier han eine.

Det vert etter kvart konkurransen i slått både med lang- og stutturorv. Men vi er nok for gamle, smiler karane.

## Nasjonal standard!


Så var det tid for konkurransen. Slåtteteigane var laga til, og to karar hadde sett seg føre å prøve

gamle kunstar.

–Vi føl nasjonal standard, orienterte ordføraren. Han hadde med seg Kjersti Flatråker frå småbrukarlaget. Saman stod dei for dominga. Men først orienterte dei om ljåane. "Gap" og "kjeft" var uttrykk dei brukte for i tida.

–Vi vurderer tidsbruk og teknikk. Skåra skal vere mest mogeleg beine, og det skal sjå fint ut. Det var stor skam å visafram ein teig som var "slørve sleie", så her er det berre å satse på kvalitet, smilte ordføraren.

Børje Møster og Henning Kopperdal stod for slåttan. Henning gjekk etter kvart av med sigeren. Men det er ikkje sikkert gamlekarane hadde godteke arbeidet. Det var nok litt "slørve sleie" frå begge to.



## KAN KUNSTEN:

– Bryning er ein kunst! Einar Borgund hadde brynt ein ljå før. God teknikk hadde han óg, både med lang- og sommar. Han svinga brynet så det song i bladet. –Godt bet er viktig. Skamslo du ljåen i stein vart det bråk heime. Då måtte slipesteinen takast i bruk. – Langorven er forma til bruken. Langorvslått er rytme, seier han.



## SONG:

Mari Karoline Mellingen opna kystsogevøkene på Vestnorsk Utvandringssenter, Sletta, med "America" av Paul Simon.



## KANINAR:

På garden var det både sauer, hestar, griser og høns, men Mathias og Marlene likte kaninane best.